



Statens vegvesen Bergen Kontorsted  
Postboks 874 Sentrum  
5807 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/350 - 23/36307

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

[linda.folkestad@alver.kommune.no](mailto:linda.folkestad@alver.kommune.no)

Dato:

10.05.2023

## Svar på søknad om utslepp av oljeholdig avløpsvatn frå bussterminal - gbnr 1/342 Flatøy

Saka gjeld søknad om utslepp av oljeholdig avløpsvatn frå ny bussterminal på 4000 m<sup>2</sup>. Avløpsvatn skal gå via ei oljeutskiljar med nominell størrelse **NS 14** før utsleppsvatn vert ført til resipient. Overvatn vil gå igjennom ei sandfangkum før oljeutskiljar anlegg.

Berekningsgrunnlaget viser at anlegg må ha eit minste våt volum på 12.213 kbm. Utskiljar som er valt (SUK-SR-NS 14) har eit våt volum på 13 kbm. Anlegg har eit våt volum som ligg nær det som er gitt i berekningsgrunnlaget. Det betyr at anlegget vil ha svært lite å gå på, dersom ein får ei auke i nedbørsintensitet.

Alver kommune har vurdert søknaden og finn det forsvarleg å gje løyve til utslepp av oljeholdig avløpsvatn frå SUK-SR NS 14 (kbm 13) på vilkår.

### Vedtak:

Med heimel i forskrift om på slipp/utslepp av olje- og fetthaldig avløpsvatn for Alver kommune vert det gitt løyve til utslepp frå oljeutskiljar på vilkår.

### Løyve til utslepp vert gitt på følgjande vilkår:

Løyve til utslepp frå oljeutskiljar SUK-SR-14 (kbm 13) vert gitt ut i frå berekningsgrunnlag som er vedlagt søknad.

### Tømmefrekvens:

Anlegg skal tømmast minst **1 gong per år** (og elles når det måtte være nødvendig). Olje som vert skilt ut i anlegg vert rekna som farleg avfall og skal leverast til godkjent mottak. Verksemda skal ha dokumentasjon på dette.

### Vedlikehald av anlegg:

Anlegg skal reingjerast og kontrollerast **minst 1 gong per år**. Arbeid kan utførast i samband med tømning. Opplysningar om kontroll kan førast i driftsjournal.

### Tømmeavtale:

#### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

00

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Det skal, til ein kvar tid, ligge føre godkjent tømmeavtale med tømmeoperatør. Kommunen skal ha kopi av avtale. Kopi av avtale skal leggast ved ferdigmeldinga.

#### **Prøveanalyse:**

Det skal takast **minimum 2 representative prøver** av avløpsvatnet per år. Prøvene skal takast frå prøvetakingskum. Prøvene skal analyserast av godkjent laboratorium.

Grenseverdi for utslepp er gitt i forskrift § 4-4. For utslepp til sjøresipient er grenseverdi satt til <10mg/l. Dersom utslepp har høgare verdiar enn det som er gitt i forskrift, må ein gjere tiltak for å få ned oljeinnhald i utsleppsvatnet. Kommunen skal ha melding om dette.

#### **Bruk av kjemikalier:**

Bruk av kjemikalier kan føre til at det vert vanskeleg å skilje ut olje i anlegg. Berre godkjente kjemikalier skal nyttast og bruken av disse skal avgrensast til eit minimum. Anleggseigar må gå i dialog med leverandør, evt. anna kompetanse på området, for å optimalisere bruk av kjemikalier. Vi gjer merksam på at ein del kjemikalier kan redusere anlegget sin effekt.

#### **Ferdigmelding:**

Det skal sendast inn ferdigmelding for anlegg før dette vert teke i bruk. Ferdigmelding skal innehalde «(som bygd) teikningar, situasjonskart som viser plassering av anlegg, leidningar i grunnen, samt utsleppsstad til resipient. Prosjektteikningar kan leggast ved, men vil ikkje erstatte situasjonsplan. Det skal leverast inn sosifil med innmålingsdata for anlegg og leidningar i grunnen.

#### **Internkontroll:**

Eigar av anlegg skal ha jamleg tilsyn med anlegg, slik at ein unngår driftsproblem. Eigar skal sørgje for at anna avfall ikkje vert ført på anlegg. Verksemda skal ha ei person som følgjer opp anlegg og som skal være kontaktperson mot kommunen.

#### **Driftsjournal:**

For anlegget skal det førast driftsjournal. I driftsjournalen skal det førast opp når anlegg og sandfang er tømt, kor mykje olje som er tømt og når anlegg er reingjort og kontrollert.

#### **Årsrapport:**

Det skal kvart år sendast inn årsrapport for anlegget til kommunen. Rapporten skal være kommunen i hende **seinast 1 februar påfølgjande år**.

#### **Med årsrapport skal det leverast inn følgjande dokumentasjon:**

- Tømmerapport – mengde olje tømt frå oppsamlingsstank og mengde tømt frå sandfang.
- To prøve analyser – dokumentasjon frå laboratorium skal leggast ved.
- Kopi av driftsjournal/internkontrolljournal

#### **Vi gjer merksam på at tiltaket kan være søknadspliktig etter plan og bygningslova.**

Det er med heimel i lokal forskrift og forureiningsforskrifta kap. 15 at Alver kommune skal setje krav til utslepp av oljeholdig avløpsvatn. Føremål med krava, er å sikre at olje vert skilt ut i frå avløpsvatn før dette vert ført til resipient og påfører skader på omgivnaden.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan på klagast til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. I klagen skal det komme fram kva som vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Torkjell Holm Brenna  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Statens vegvesen Bergen  
Kontorsted

Postboks 874  
Sentrum

5807

Bergen